

30.11.2020

www.abo-ark.no
post@abo-ark.no

Avdeling Os
Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70

Avdeling Stord
Torgbakken 9
PB. 667, 5404 Stord
Tlf: 53 40 37 80

Varsel om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram for detaljreguleringsplan Ytre Eidsnes, gnr. 215 bnr. 2 mfl., Alver kommune.

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla oppstart av detaljregulering for Ytre Eidsnes, gnr. 215 bnr. 2 mfl., Alver kommune. I medhald av plan- og bygningslova § 12-9 vert også forslag til planprogram i samband med reguleringsplanen lagt ut til offentlig ettersyn.

Om planarbeidet

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for 5 einebustader. Området er sett av til LNF i gjeldande KPA, med omsynssone H510- omsyn landbruk. Planområdet er ca. 7,4 daa. Planprogrammet vil legge rammene for plan- og konsekvensutgreiinga som skal utførast i samband med detaljreguleringa. Forslagsstillar er Egil Magnar Eidsnes. Plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS.

Konsekvensutgreiing

Planarbeidet er vurdert å utløyse krav om planprogram og konsekvensutgreiing jf. Plan- og bygningslova §4-1. Vidare skal planomtalen gje ei særskilt vurdering – konsekvensutgreiing – av planen sine verknader for miljø og samfunn jf. Plan- og bygningslova § 4-2. Formålet med ei konsekvensutgreiing er å få klarlagt verknaden av tiltak som kan ha vesentlege verknader for miljø, naturressursar og samfunn for reguleringsplanen. Konsekvensutgreiinga vil bli gjennomført med grunnlag i vedteke planprogram etter føresegnene i plan- og bygningslova.

Planprosess

I 2016 vart det godkjent frådelling av to tomter, 215/88 og 215/89, sak 15/3456. Det er i 2020 godkjent byggesak på 215/88. I 2019 vart det søkt dispensasjon på frådelling av ytterlegare to tomter, på nedsida av allereie frådelt tomter. Denne søknaden vart avslått. I møtet kom det framlegg om ein protokollmerknad som vart samrøystes vedteke: *Plan og miljøutvalet er positiv til oppstart av privat reguleringsplan for området som inneheldt dagens 2 tomter og dei omsøkte 2 tilleggstomter. Plan og miljøutvalet er også positiv til eventuelt tilleggsareal og fortetting.*

På vegne av tiltakshavar sende ABO Plan Arkitektur AS inn planinitiativ i mai 2020 og bad om oppstartmøte. Dette vart avvist av administrasjonen og planinitiativet vart lagt fram for kommunestyret til endeleg avgjerd.

17.09.2020 vart planinitiativet handsama i kommunestyret, i sak 096/20. Kommunestyret sitt vedtak var som følgjer:

«Alver kommune godkjenner oppstart av planinitiativ for regulering av ytre Eidsnes bnr. 215/2 med fler.» Det er på bakgrunn av dette, at ein no søker om regulering av området.

Oppstartsmøte med Alver kommune vart halde 08.10.2020.

Frist for innspel

Frist for innspel og merknader til offentlig ettersyn av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeidet vert sett til **23.01.2021**. Det er viktig at ein ved innspel og merknader skil mellom merknader til planprogrammet og merknader til varsel om oppstart av planarbeidet. Innspel og merknader skal framsettast skriftleg og sendast til:

ABO Plan & Arkitektur AS v/ Unni Sjursen
Postboks 291
5203 Os
e-post: offentlig.ettersyn@abo-ark.no

Nærare informasjon om planarbeidet finns på ABO Plan & Arkitektur AS sin heimeside, www.abo-ark.no, og på Alver kommune sine heimesider under høyringar og kunngjeringar. Her finn ein planinitiativet, oppstartsreferat og planprogrammet m.m. Ved direkte henvending vil ABO Plan & Arkitektur AS kunne oversende desse dokumenta.

Eventuelle spørsmål kan rettast til ABO Plan & Arkitektur AS:
Unni Sjursen
Tlf: 900 29 764
e-post: post@abo-ark.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av innspel og merknader til Alver kommune, dette vil verta ivareteke av ABO Plan & Arkitektur AS. Alle mottatte dokument, innspel/merknader o.l. vert sendt samla til kommunen saman med planforslaget.

Etter at fristen for innspel og merknader er gått ut, vil planprogrammet verta revidert etter eventuelle merknader, og deretter oversendt Alver kommune for handsaming og endeleg godkjenning av kommunestyret. Når planprogrammet er vedteke vil planforslaget verta utarbeida og oversendt Alver kommune for 1. gongs handsaming og deretter lagt ut til offentlig ettersyn. Det vi då vera mogleg å framsette merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Med venleg helsing
ABO Plan & Arkitektur AS

Unni Sjursen

Vedlegg 1: Oversiktskart
Vedlegg 2: Avgrensing av planområdet, datert 13.10.2020